



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 03.04.2017

Til stades: Tellef Solås, Hans Inge Hagen, Randi Øygarden (ref). Fotballgruppa v/Kai Slåkvik, håndballgruppa v/Grete Venås og Unni Elisabeth Øygarden, skigruppa v/Geir Særsland, sykkelgruppa v/Henk Stel, friidrettsgruppa v/Inge Nilsen.

Fråfall: Camilla johansen, A-laget og ridegruppa.

Sak 18/17 Godkjenning av referat frå styremøte 06.003.2017

Referat gjennomgått og godkjent

Sak 19/17 Paragliding take-off i Raudkleiv

Styret er positive til dette. Vil få til eit møte med Seljord FHS for å gjera ei avtale.

Sak 20/17 Avtale med Seljord hestesenter og sponing i ridegruppa frå våre hovudsponsorar

Avtala ser grei ut – godkjent.

Styret er negative til at undergruppene søker sponsormidlar hos SIL sine hovudsponsorar. Dette fordi dei allereie sponsar hovudlaget og det kan fort opplevast som "mas" viss undergruppene begynnar å be om ekstra sponsormidlar. Styret går imot søknaden. Undergruppene kan derimot søke om sponsormidlar hos andre som ikkje allereie er sponsorar, og så be om å få godkjent dette av hovudstyret.

Når det gjeld treningsgebyr blir det vedtatt at ridegruppa ikkje skal betale dette. Dette fordi dei betalar hestesenteret for instruktørar og fordi SIL ikkje stiller med instruktørar innanfor denne idretten.

Sak 21/17 Rekruttering av kioskansvarlege til Dyrsku'n

Det er satt opp ei gruppe på fire personar som skal ha ansvaret for dette, bestående av; Tellef Solås, Hans Inge Hagen, Lise Årvik og Randi Øygarden. Gruppa har hatt eit møte og fordela ringelister på ansvarsvaktene.

- Infobrev/mail til dei som blir kontakta ang ansvarsvakter blir sendt ut rett etter påske.
- Ringerundane startar ca ei veke etter at brevet er sendt ut.

Sak 22/17 Rapport frå undergruppene med årshjul og handlingsplan

Årshjul:

2. Sende ut treningsgebyr skigruppa – Hans Inge har ikkje fått inn oppdaterte lister, purrar på dette.
8. Utsending av medlemskontingent SIL – Er sendt ut, ein del har allereie betalt.
9. Søknad gåvemidlar frå Sparebanken Din – Er søkt.
10. Rapportering av medlemsopplysningar – Er under kontroll.

Handlingsplan

Hovudstyret:

1. Mannskap Dyrsku'n – er i rute
2. Visma/klubbAdmin – Tellef viser innlogging og går raskt igjennom nokre av funksjonane i rekneskapsdelen. Blir meir opplæring seinare.
3. Ungdomsstyre – er i rute, Hans Inge har laga eit infobrev/søknad for interesserte som vil bli sendt ut rett etter påske, når undergruppene er godt i gang med treningane. Det skal



også utarbeidast ein aktivitetsplan for ungdomsstyret med oversikt over styrets faste oppgåver og ansvar.

4. Vaksentrim – Gruppa frå SIL skal ha eit møte med Tone og Tor Reiten i morgo. Ein treng nokre interesserte personar som tek ansvar for å dra dette i gang og som er ansvarlege for vidare drift av gruppa.
Forslag om å danne eit styre på 4 personar for denne gruppa.
5. Registrere aktivitet – Nokon er flinke og nokon treng påminning ang. dette – Hans Inge jobbar stadig med saken.

Fotballgruppa:

1. Kvalitetsklubb – har nå møter kvar 3. veke, er godt i gang, reknar med å vere ferdig med klubbhandbok og sportsplan i juni-17.
2. Verdiarbeid – idèdugnad. Er også ute etter eit slagord/setning som fotballgruppene kan identifisere seg med, ynskjer supportergenserar med dette slagordet påtrykt.
Har hatt trenar/oppmann-samling på Wassanas, der går ein gjennom den komande sesongen og alle har mogelegheit til å kome med innspel. Dette opplevast positivt og er ein sosial kveld. Ein fin arena å møte dei andre trenarane/oppmennane på og å forberede sesongen.
3. Rammer rundt fotballen i SIL – dette jobbast med året rundt. Nå er fokuset bl.a. på det nye anlegget på Eventyrøy, nye tribunar og kva ein kan gjere for å auke publikumsoppmøtet.
4. Renovere klubbhuset – alle involverte er fastsatt (utan om fagfolk ein behøver), gruppa skal ha møte denne veka, skal då bl.a. gå igjennom budsjett. Treng ein del fagfolk slik som snekkar, rørleggar, elektrikar osv, ein håpar på, i størst mogeleg grad, å få desse på dugnad, for å halde budsjettet.

Hovudbanen har opna, der er mykje aktivitet med treningar kvar dag. Positivt at banen kan opnast såpass tidleg, spesielt mtp nok plass for alle gruppene. Det jobbast med å skaffe trenarar, spesielt for dei yngste gruppene, her er det bestemt at ein kallar inn til eit foreldremøte for å skaffe trenarar blant foreldra.

Det ser ut til at korken på banen har klart seg bra gjennom vinteren, og kvaliteten held seg bra. Men det er eit stort problem med barnålene, dette må ein få gjort noko med.

Handballgruppa:

1. Rekruttere trenarar – trenarane er stort sett på plass for neste sesong.
2. Rekruttering – håpar på å få fleire spelarar på dei minste alderstrinna for å styrke handballen i åra framover.
3. Heimekampar – Har hatt treningskampar for J10 same dag som dei litt større laga har hatt seriekampar, dette har vore positivt og det har bidrege til betre publikumsoppmøte.
4. Miljø – Har fokus på å ta vare på spelarane, legg vekt på oppførsel, korleis ein er med kvarandre både på og utanfor banen, inkludere/ikkje stenge ute. Lik speletid for alle for å halde motivasjonen oppe og for rettferdighet.

Grete Venås er ny leiar i handballstyret og Kine Jorbakke er også ny i styret.



Skigruppa:

4. Garasje Raudkleiv – har fått tilbud på hall som blir brukt til demonstrasjon på Dyrsku'n. Tilbudet består i å få kjøpt denne til innkjøpspris.
5. Avtale Raudkleiv – det må lagast nye avtaler med grunneigarane i Raudkleiv som må signerast og tinglysast. – Jon Aarbakk har ansvaret for dette.

Skigruppa har slutta for sesongen og skikarusellen har hatt avslutning med premieutdeling. Det blei dessverre ikkje nok sno til at alpinbakken kunne opnast i år. Men Dag Vidar Noraberg har vore på kurs ang drift av heisen og er klar for neste sesong.

Friidrettsgruppa:

1. Raudkleiv Upp – påmeldinga er i gang.
2. Tinstafett – Inge har sendt mail til barneskulen og ungdomsskulen ang samarbeid om denne stafetten, har ikkje fått svar, så legg dette på is.
4. Trening – Sett i gang for fullt etter påske med rekruttering og treningar. Irina Telnes er valgt inn i styret i friidrettsgruppa og har ansvaret for treningar. Inge Nilsen, Julie Nilsen, Irina Telnes og Pål Witzak stiller som trenarar.

Sykkelgruppa:

2. Arrangere ritt – er under planlegging, ønsker å ha felles påmelding, vil legge forholda til rette for deltakelse frå gruppa.
3. Kanalritt – er under planlegging, med planer om samtidig å ha ein familiedag.

Hadde styremøte førre veke.

Skal ha første trening denne veka, fellestrening. Delar opp etter kvart.

Samordna registrering må oppdaterast ila april, bl.a styresamansetning o.l. Dette oppdaterast i KlubbAdmin. Henk har ansvaret for dette.

Sak 17/17 Ymse

Solfrid Bjørge har fått ein forespørsel frå Jørgen Snøås Gustavsen ang dugnadsarbeid under eit russetreff i Bø, til sommaren. Kai sender dette vidare til undergruppene for å sjekke om det er interesse.

Idrettslaget utad/i pressa:

Forslag; når det er noko me er stolte av, om det er nye tilbud i idrettslaget eller liknande, så kunne det vore ein ide å sende inn pressemelding til avisene, for å promotere idrettslaget og dei tilboda me har.

Oppfordrar sykkelgruppa til å gjere dette, gjerne med bilde, for å lage litt blest rundt denne nye aktiviteten i SIL.

Saker til neste møte;

- Dugnad under Dyrsku'n for ridegruppa.

Neste møte blir man 08.05.2017 kl 19.00.